

ADMINISTRATIVT DELEGERINGSREGLEMENT FOR ALVER KOMMUNE

DELEGERING FRÅ RÅDMANNEN TIL KOMMUNALSJEFAR,
TENESTELEIARAR, AVDELINGSLEIARAR OG TIL ANDRE ROLLER
MED ADMINISTRATIV DELEGERING



Alver kommune

Gjeld frå 01.01.2020

Godkjent i leiarmøte 17.12.2020

Innhald

1. INNLEIING	3
1.1. Forankring i overordna politisk delegering og system	3
1.2. Organisering.....	3
1.3. Roller det vert delegert mynde til gjennom dette reglementet.....	3
1.4. Definisjonar.....	3
1.5. Ramme for bruk av fullmakter for tenesteleiar og avdelingsleiar	4
1.6. Struktur	4
1.7. Bruk av delegert mynde	4
2. DELEGASJON AV STYRING OG LEIARSKAP.....	4
2.1. Delegasjon for å fungere i rolla som rådmann.....	4
2.2. Generelt om delegering til tenesteleiar og avdelingsleiar.....	4
2.3. Økonomi	4
2.3.1. Tilvising	5
2.3.2. Attestasjon.....	5
2.3.3. Innkjøp	5
2.4. Signaturmynde	5
2.5. Mynde til å utale seg på vegne av Alver kommune.....	5
2.6. Arbeidsgjevar og personalmynde	5
2.7. Ymse avgrensingar av tenesteleiar og avdelingsleiar sin mynde.....	5
2.7.1. Sakshandsaming	5
2.7.2. Planarbeid.....	5
3. DOKUMENTASJON OG RAPPORTERING	6

1. Innleiing

1.1. Forankring i overordna politisk delegering og system

Dette dokumentet byggjer på delegering frå kommunestyret til rådmannen i dokumentet «Politisk styringsstruktur», vedteken i kommunestyret 17.10.2019. Det byggjer vidare på systemet KF delegering, som spesifiserer delegering av lov og forskrift frå kommunestyret til rådmannen og vidare ned i organisasjonen.

1.2. Organisering

Alver kommune er organisert med tre avgjerdsnivå:

- Rådmann/ass. rådmenn og kommunalsjefar (kommunalsjefar har rådmannsfullmakter på sine områder).
- Tenesteleiarar.
- Avdelingsleiarar (Fagansvarleg som rapporterer til kommunalsjef eller tenesteleiar høyrer også til dette nivået, men er ikkje delegert personal- og økonomiansvar).

1.3. Roller det vert delegert mynde til gjennom dette reglementet

Dette reglementet rettar seg mot følgjande roller:

- Roller med fast fullmakt til å fungere for rådmannen (ass. rådmann og kommunalsjefar)
- Roller med fast fullmakt til å ivareta drift av kommunen sine tenester (tenesteleiarar og avdelingsleiarar og leiarar for interkommunale vertskommunesamarbeid)
- Andre roller med delegert mynde (eks. fagansvar)

1.4. Definisjonar

Delegasjon er definert som *overføring av mynde frå eit organ til eit anna*.

Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffe avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegne av det delegerande organet. Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gjev frå seg mynde eller ansvar på vedkommande område. Den som delegerer mynde kan kva tid som helst ta tilbake den mynde som er delegert. Det delegerande organet kan dessutan til ein kvar tid treffe vedtak på gjeldande saksfelt utan først å tilbakekalle det generelle delegasjonsvedtaket.

Kommunestyret kan gje rådmannen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller saker *som ikkje er av prinsipiell betyding*. (Kommunelova § 13-1 6. ledd). Slik delegasjon er gitt rådmannen i Alver kommune.

Rådmannen kan delegere mynde vidare til underordna i administrasjonen. Rådmannen delegerer mynde til kommunalsjef, som igjen kan delegere vidare fullmakter til tenesteleiar. Tenesteleiarar kan delegere fullmakter til avdelingsleiarar.

Tilvising er ei overføring av mynde til å disponere pengar som er lagt inn i kommunen sin kontoplan til rådvelde for tenesteområda.

1.5. Ramme for bruk av fullmakter for tenesteleiar og avdelingsleiar

Fullmaktene skal brukast innanfor dei rammer som er gitt gjennom budsjett, overordna planar, leiaravtalar, verksemdplanar og eventuelt aktuelle prosjektmandat. Endra føresetnader for planlagd drift og utvikling vert tatt opp med overordna ledd i ein systematisk leiardialog.

1.6. Struktur

Delegering av mynde frå rådmannen skjer på to hovudområde:

- Delegasjon av styring og leiarskap som er spesifisert i dette dokumentet
- Delegasjon av mynde til avgjerder etter særlover som vert spesifisert i KF delegering.

1.7. Bruk av delegert mynde

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og elles innanfor plan- og budsjetttrammer som er fastsett av kommunestyre eller andre overordna organ. Den som er delegert mynde har til ein kvart tid ansvar for å sjå til at dette vert følgd.

2. Delegasjon av styring og leiarskap

2.1. Delegasjon for å fungere i rolla som rådmann

Assisterande rådmenn og kommunalsjefane har fast fullmakt til å fungere for rådmannen.

2.2. Generelt om delegering til tenesteleiar og avdelingsleiar.

Tenesteleiarar og avdelingsleiarar vert delegert mynde for å ta heilskapleg ansvar for drift av tenesteområde/avdelinga etter gjeldane leiaravtalar.

Tenesteleiar skal likevel kunne utøve mynde direkte på område der det er viktig å koordinere tenester og utvikling på tvers av avdelingar. Slik utøving av mynde skal skje etter ein forsvarleg styringsdialog med avdelingsleiarnivået.

Som for resten av styringslina gjennom nivåa opp til kommunestyret gjeld prinsippet om at overordna nivå kan trekke tilbake og endre fullmaktene til nivået under. Rådmannen presiserer at dette skjer unntaksvis for å sikre tenestene under kriser eller omfattande endringsprosessar. Det normale er å gå tilbake til ein normal delegering for stillinga etter at det er sett i verk tiltak for å stabilisere situasjon for leiar og teneste.

Delegering for styring og leiing er spesifisert i 2.3 – 2.6.

2.3. Økonomi

Tenesteleiar/avdelingsleiar har mynde til å disponere tenesteområde/avdelinga sitt budsjett. Tenesteleiar/avdelingsleiar har myndighet til å foreta budsjettendringar innanfor tenesteområde/avdelinga.

2.3.1. Tilvising

Tenesteleiar/avdelingsleiar er delegert tilvisingsmynde innanfor dei budsjetttrammer som er gitt for tenesteområde/avdelinga.

Tilvisingsmynde kan ikkje delegerast vidare ned frå avdelingsleiarar .

2.3.2. Attestasjon

Tenesteleiar/avdelingsleiar gjev mynde til medarbeidarar i sitt tenesteområde/si avdeling, å attestere for mottatte varer eller tenester. Det må sendast skriftleg melding til lønsavdelinga om dette.

2.3.3. Innkjøp

Tenesteleiarar og avdelingsleiarar sitt ansvar i høve innkjøp er omtala i punkt 3.3 i innkjøpsreglementet.

2.4. Signaturmynde

Tenesteleiar/avdelingsleiar har innanfor sine ansvarsområde fullmakt til å signere dokument på vegne av kommunen så lenge ikkje anna går fram av lov, forskrifter, avtalar, politiske vedtak eller andre administrative retningslinjer.

2.5. Mynde til å utale seg på vegne av Alver kommune

Tenesteleiar/avdelingsleiar kan offentleg gje faktainformasjon innanfor tenesteområde/avdelinga sitt arbeidsområde på vegne av Alver kommune.

I saker som kan vere kontroversielle og som kan påverke omdømet til kommunen, skal avdelingsleiar ta saka vidare med tenesteleiar og kommunalsjef. Rådmann og kommunalsjef avklarar kven som skal uttale seg. Bodskap og informasjon skal kvalitetssikrast av kommunen si kommunikasjonsavdeling.

2.6. Arbeidsgjevar og personalmynde

Tenesteleiar/avdelingsleiar har personalansvar med tilsetjingar, permisjonar og andre avgjerder innan personalområdet på sitt ansvarsområde. Oppseiingar skal godkjennast av rådmannen.

2.7. Ymse avgrensingar av tenesteleiar og avdelingsleiar sin mynde

2.7.1. Sakshandsaming

Saker som skal vidare til politisk handsaming skal meldast til rådmannen (via saksansvarleg i rådmannen sin stab) og godkjennast på rådmannsnivået før saka går til politisk handsaming.

2.7.2. Planarbeid

Planprosessar og forarbeid til planarbeid skal forankrast på rådmannsnivået gjennom eigne prosjektmandat.

3. Dokumentasjon og rapportering

Rådmannsnivået og tenesteleiarar skal ha tilbakemelding om utøving av delegert mynde.

Dette skjer gjennom rapportering:

- Verksemdplanar
- Årsrapportar
- Økonomi- og rekneskapsrapportar
- Faste møter mellom kommunalsjefar og tenesteleiarar og mellom tenesteleiarar og avdelingsleiarar.
- Medarbeidar- og leiarsamtaler mellom rådmannsnivået/tenesteleiar og tenesteleiar/avdelingsleiar

Alver kommune dato 20.12.19

Ørjan Raknes Forthun
Rådmann